



Invitasjon til kurs og haustsamling

22. oktober - 24. oktober 2019

Stad: Quality Airport Hotel Gardermoen

Tid:	Kurs:	22.10 - 23.10	Lunsj klokka 11:30	Kursstart klokka 12:30
	Haustsamling:	23.10 - 24.10	Lunsj klokka 11:30	Oppstart klokka 12:30

Kurs:

I år har de 5 ulike alternativ på kursa. Sjå dei neste sidene for utfyllande informasjon.

Kursa kostar kr. 2.250,- pr. deltakar.

Dette dekkjer kurskostnader, overnatting, lunsj og middag. Reisekostnaden etter rimelegaste alternativ blir dekkja av NLT for dei som også deltek på haustsamlinga. Andre må dekkja reisekostnaden sjølv.

Kostnad for haustsamlinga kjem i tillegg.

Vi tek atterhald om nok påmeldingar til kvart einskilt kurs og endringar i innhald i programma. Det er likevel avgrensa plass, så ver rask.

Haustsamling:

NLT dekkjer alle kostnader; reise, opphald (fullpensjon), førelesarar og festmiddag. Tapt arbeidsinntekt og utgifter til vikar/avløysar vert ikkje dekkja av NLT. I ettertid vil laga bli fakturert for ein eigendel på kr. 3.250,- pr. deltakar. De kan melda på deltakarar for berre ein dag; eigendel blir då kr. 2.250,-.

Påmelding – frammøte:

Det vert berre lagt ut elektronisk påmeldingsskjema på heimesidene våre. Påmelding skjer samla på eit elektronisk skjema både for kurs og haustsamling. Pass på at e-postadressene og telefonnummer er korrekt. Ta gjerne ein ekstra sjekk. Det er viktig at de fullfører påmeldingsskjema for at påmeldinga vert registrert. Når du får opp «takk for påmeldinga» er påmeldinga registrert, og du kan klikke deg vidare for å eventuelt registrere fleir.

Fyll ut påmeldinga så snart som råd. Det er viktig at dei lag som ikkje kan/vil møta, og registrerar seg. Det hjelper oss med å halda oversikt. Hugs: Ei påmelding pr. deltakar. Det er i utgangspunktet ikkje noko grense for tal på deltakarar frå kvart lag.

Innspel til valkomite: Minner om at alle bør tenke igjennom innspel til valkomiteen i god tid før fylkesvis samling under haustsamlinga.

Avmeldingsfristen er seinast 16 arbeidsdagar før samlinga. Dersom denne fristen ikkje vert halden, vil laget bli fakturert for NLT sine faktiske kostnader. Dette gjeld også ved sjukdom dersom vi ikkje får tilsendt sjukemelding. Kontakt oss snarast ved andre uforutsette hendingar.

Evt. flybillettar vert tinga av NLT. Ver difor nøye med utfylling av påmeldinga. For dei som har meldt seg på kurs i forkant, vert dette tilpassa. I påmeldingsskjema sett du opp ca kor tid du vil ta fly.

NB! Eiga tinging av flybillettar berre etter avtale med NLT.

[Klikk her for påmelding](#)

Påmeldingsfrist 20. september!

Diverse informasjon:

Diskusjonsfora (kursdag)

Etter å ha fått innspel om at ein har for lite tid til å diskutera seg i mellom på samlingane, arrangerer vi for første gang eit kurs/fora for nettopp det. Tanken bak dette er at de som kursdeltakarar skal få moglegheit til å diskutera utfordringar/problemstillingar som de møter i den daglege drifta i laget med andre lag. Her er takhøgda stor, og moglegheitane til gode og oppklarande samtalar er absolutt til stades. Kort tid etter at fristen for påmelding er ute, sender vi ut e-post til dei som er påmeldt dette kurset, der vi bed om å få inn ynskjer til tema som skal diskuterast. Ein ordstyrar vil då dra i gang samtalane, og sjå til at ein kjem igjennom alle tema som kjem opp.

Dette kurset krev stort engasjement frå deltakarane!

NLT-kontor:

I år vil vi ha NLT-kontor der du kan få ein prat med nokon i administrasjonen eller styret. Vi vil i god tid før samlinga sende ut ein booking-kalendar der du kan avtale tidspunkt og legge inn kva tema du ynskjer å snakka med oss om.

Advokatkontor:

NHO Mat og Drikke har advokatkontor under samlinga.

Fleire av våre samarbeidspartnere vil vera med oss under samlinga, og ha stand i foajeen ved plenumsal.

[Klikk her for påmelding](#)

Påmeldingsfrist 20. september!

11:30 - 12:30

Lunsj

12:30 - 18:00

Diskusjonsfora	Excel vidaregåande	Arbeidsrettslege problemstillingar	Skap ein sikker kvardag	Styrearbeid, ein styrke for organisasjonen
<p>Dette er er «kurset» for deg som ynskjer å diskutera ulike tema med andre lag. Deltakarane får her diskutera daglege utfordringar/problemstillingar.</p> <p>Her er takhøgda stor, og moglegheitane til gode diskusjonar er absolutt til stades.</p>	<p>v/Visma Kurshaldar : Hans Peter Grieg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tastatur, navigering, merking og redigering • Relativ vs absolutt referanse(\$) • Viss-funksjon • Lister/tabellar • Områdenamn • Betinget formatering • Finn.Rad X 2 • Pivottabeller 1 • 3D- tabeller og evt. Konsolidering • Disposisjonsvisning • Tekstrydding • Pivottabeller 2 • Integrasjon m/Powerpoint og Word 	<p>v/NHO Mat og Drikke Kurshaldar : Camilla S. Roander</p> <p>Her vil du som deltakar vera med å bestemma kva innhaldet i kurset skal vera.</p> <p>Kurshaldar sender ut epost straks etter påmeldinga og vil då be om saker/ynskjer på kva ein skal ta opp på kurset.</p>	<p>v/NLR-HMS Kurshaldar : Linn Thorud og Kari-Anne Aanerud</p> <p>Tryggleik og trivsel på arbeidsplassen.</p> <p>Tips til rutinebeskrivelsar på garden som bonden kan få nesten ferdig utfylt frå laget, laminere og henge opp ved aktuelle maskiner.</p> <p>Dette er kvalitetssikring for bonden og tryggleik for avløyaren.</p> <p>Her vil ein bli delt opp i mindre grupper for utarbeiding av malar til felles bruk for medlemslaga i NLT.</p>	<p>v/Steg for Steg Kurshaldar : Ola Jordhøy</p> <p>Mål for kurset: Få motivasjon til styrearbeid, gjere roller og oppgåver i styret tydelege, samt få innsikt i og forståing for kommunikasjon og samhandling i styret.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avklare forventingar • Oppgåver og ansvar • Formelle rammer for styret sitt arbeid • Tilhøvet mellom styret og adm. • Praktisk styrearbeid • Kommunikasjon og samhandling • Konfliktstoff i styrearbeid • Evaluering

Diverse informasjon:
Det vert pause m/mat 1500-1530
Kursa fortset onsdag 0900-1130

Tysdag og onsdag

For alle

11:30-12:30

- Lunsj

12:30-12:45

- Velkomen med informasjon frå NLT

12:45-13:00

- Gjennomgang av vedtektsarbeidet v/NLT

13:00-14:15

- «Kickoff» v/Roger Finnjord

14:30-15:10

- «Slik gjer vi det» v/Årets lag 2017 og 2018

15:10-15:45

- Pause med noko å bita i

15:45-17:45

- «Bondens førsteval?» - Vi inviterer til debatt

19:30 -

- **Festmiddag med kåring av årets avløysar**

Onsdag

Haustsamling

For alle

Tilsette

Tillitsvalde

Styreleiar

09:00-09:45

Fylkesvis samling

Medlemsfordeler mm. v/NHO Mat og Drikke

10:00-10:45

Medlemsfordeler mm. v/NHO Mat og Drikke

Fylkesvis samling

11:00-11:30

Dersom «bakken» vert for bratt v/Halle Arnes, NLR HMS

11:30-12:30

Lunsj/utsjekk

12:30-13:30

Tillitsvaldes time

12:30-13:30

Tilsettes time

13:40-14:40

Styreleiarsamling

13:40-14:20

Gjennomgang av OTP-ordninga v/Gabler m.fl.

14:20-14:40

Digital HMS-intro til nye arbeidstakarar v/NLT Hordaland

14:40-15:00

Oppsummering/avslutning

Torsdag

[Klikk her for påmelding](#)

[Påmeldingsfrist 20. september!](#)

Haustsamling